



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
010/13	Formannskapet	22.01.2013
004/13	Kommunestyret	07.02.2013

Sakshandsamar: Solgun Haugen

Arkiv: K1-

Arkivsaksnr. 12/651 - 5

Endring av delegasjonsreglement

Kort samandrag

I samband med at forvaltningsutvalet vart lagt ned må det gjerast ei endring i delegasjonsreglement for Lærdal kommune på dei sakene som var delegert dit.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek at saker som tidlegare var delegert til forvaltningsutvalet jf. ”Delegasjonsreglementet til forvaltningsutvalet i særlovsaker” no vert delegert til formannskapet.

22.01.2013 FORMANNSKAPET

FS-010/13 TILRÅDING:

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen.

07.02.2013 KOMMUNESTYRET

KS-004/13 VEDTAK:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

.....

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.12.2012	Delegasjonsreglement til forvaltningsutvalet i særlovssaker	64273

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Kommunelova § 8 nr 3

Saksutgreiing

I samband med handsaminga av budsjett 2013 i kommunestyret 13.12.12 sak 104/12 vart det bestemt at forvaltningutvalet skulle nedleggast for å redusera utgiftene til folkevalde.

Det vart ikkje gjort nokon endringar i delegasjonsreglementet i samband med denne endringa i politisk organisering. Dette betyr at saker som tidlegare var delegert til forvaltningsutvalet pr dags dato må handsamast av kommunestyret.

Vurdering

I følge ”Politisk organisering i Lærdal kommune, reglement” er;

Forvaltningsutvalet er eit fast utval etter kommunelova § 10 som har i oppgåve handsame einskildsaker etter særlov eller kommunelov. Forvaltningsutvalet tek avgjerd i saker etter mynde delegert frå kommunestyret. Forvaltningsutvalet gjev også tilråding til kommunestyret i særlovsaker, der forvaltningsutvalet har fått i oppdrag å behandle saker etter særlova, men avgjerda ikkje er omfatta av delegasjonsvedtaket. Forvaltningsutvalet er kontrollutval etter alkohollova.

I følge ”Delegasjonsreglementet til forvaltningsutvalet i særlovesaker” pr august 2012 handsama forvaltningsutvalet saker i forhold til;

- Konesjonslova
- Jordlova
- Skogbrukslova
- Viltlova
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag
- Lov om friluftslivet
- Hundelova
- Lov om stadnamn
- Folkehelselova
- Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar
- Tobakkskadelova
- Alkoholova
- Serveringslova
- Lov om planlegging-og byggjesaksbehandling
- Prinsippielle saker og klagesaker etter;
 - o Lov om forvaltning av naturens mangfold
 - o Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd
 - o Lov om video og videogram
 - o Lov om laksefisk og innlandsfiske
 - o Lov om forpaktning
 - o Lov om ymse beitespørsmål
 - o Lov om helligdager og helligdagsfred

Rådmann tilrår at arbeidet som forvaltningsutvalet skulle gjera vert delegert til formannskapet.

